



Mellom himmel og jord i Skålafjøre

Uskedaling og gatekunstnar Gaute Haugland har forlengst sett sitt preg på heimbygda og Bergen og no kjem turen til Rosendal. Den fantasifulle kunstnaren som har eit spennande særpreg vert stadig meir kjent og omtykt og no boltrar han seg i ein ny del av Kvinnherad med sprayboksane sine.

I ettermiddag traff vi han bokstaveleg taae mellom himmel og jord - i Skålafjøre. Der har han no starta jobben med å dekorera den eine kortveggen av kjempehallen som vil verta eit fantastisk blikkfang (biletet) Jobben er venta å ta ei veker tid.

Kvinnherad Elektro ga klarsignalet til prosjektet og fleire sprelske kunstverk er det førebelse resultatet. Gaute viser nye sider av sitt talent, til dømes gjennom 3 vel vaksne karer som pryder veggen til Smio i Skålafjøre og ein allsidig og fantasifull, dekorasjon på begge sider av minikraftverket i Vollakvernfallat. .



Den eine sida av kraftverket

Det er kome mange reaksjonar og alle har vore like positive.



Den andre sida av kraftverket

Prosjektet viser at uskedelingen har hatt stor framgang som kunstnar i dei siste åra. Han har vorte meir allsidig og det han no har gjort og gjer i Rosendal understrekar det.



[Ein hyllest til handverkarane](#)

Det han har gjort med minikraftverket avslørar stor fantasi - med ein fiskesituasjon på eine sida og ein rosa katt på den andre. Det gamle kraftverket er no ein ny attraksjon i ei ny tid.

Dei 3 portretta på veggen i Smio må oppfattast som ein hyllest til ein stor handverkartradisjon på staden og viser at uskedelingen også er eit talent som portrettmålar. Han er rusta for enda større oppgåver.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen